

VEDLEGG 2 - VURDERING AV SØKNADER, REGIONALE TILRETTELEGGINGSMIDLAR 2020 - TILDELINGSRUNDE 1

Tiltak	Søkjær	Sum søkt	Total-budsjett	RT i %	Kort omtale	Vurdering	Vedtaks-sum	I % av budsjett
1. Prosjekt utvikling svineproduksjon med SPF-Vestland	Norsvin SA	300 000	600 000	50 %	Det overordna målet til Norsvin er at heile den norske svinepopulasjonen skal definerast som SPF innan år 2030. SPF står for «spesifikk patogen frihet». Det vil seie at dyra i ein SPF-buskar er fri for bakteriar som kan gje følgjande sjukdomar; smittsam lunge- og brysthinnebetennelse (APP), smittsam nysesjuke, svinedysenteri, smittsam grisehoste (utrydda i Norge sidan 2008) samt fri for skabbmidd. Norsvin ser på SPF som det viktigaste tiltaket svinenæringa kan bidra med i høve til betre dyrehelse og betre dyrevelferd og det er også det tiltaket som dei forventar vil gje størst effekt i høve til å redusere CO2utsleppet frå norsk svineproduksjon. Slik vil SPF kunne bidra til auke konkurransekraft og å halde oppe norsk svineproduksjon. Det omsøkte prosjektet skal bidra til å nå desse målsetjingane i Vestland og er eitt av fleire liknande prosjekt i landet. Liknande prosjekte er i gang i Nordland og i Agder. Det blir arbeidd med å få til prosjekt i Rogaland og i Vestland. Vestland står for omlag 3,5% av svineproduksjonen i landet. Hausten 2019 var det 61 bruk som søkte om produksjonstilskot til purker i Vestland + Horningdal. Det er få buskarar med svin i Vestland og dei er konsentrert heilt nord og heilt sør i fylket.	Prosjektet er ein del av ei landsdekkande satsing for svinenæringa som er venta å gje positiv effekt på dyrehelse, dyrevelferd og klima. Styrka omdømme for landbruket generelt og for svinenæringa spesielt er viktige effektar. I sum vil det gje styrka konkurransekraft, betre økonomi for bonden og bidra til å oppretthalde svineproduksjonen. Dersom ein skal lukkast, må tiltak gjennomførast koordinert i heile landet. Fylkeskommunen ynskjer ein nærmare dialog med Norsvin om prosjektorganisering og gjennomføring, men set av inntil kr 300 000 og maks 50% av kostnadsverslag til prosjektet. Endeleg tildeling blir gjort når dialog er gjennomført.	300 000	50 %
2. 2021 Storfeprosjektet Vestland 2019-2023	Sogn og Fjordane Landbruks-selskap	900 000	1 410 000	64 %	Storfebøndene i Vestland skal ha eit moderne produksjonsapparat og driftsopplegg, der marknaden vert utnytta og investeringane står i høve til ressursgrunnlag og økonomi. Måla i prosjektet er at Vestland skal halde på sin relative del av produksjonen av mjølk og storfekjøtt. Prosjektet jobber også for at minst 65 % av mjølka skal kome frå lausdriftsfjøs ved utgangen av 2023. Som eit resultat av prosjektet skal det kvart år skal det byggjast 20-25 lausdriftsfjøs. Fjøs med under 30 kyr etter utbygging skal stå for minst halvparten av utarbeidde planar i prosjektet. Så lenge det er ein underdekking av norsk storfekjøtt, skal det i Vestland byggast framtidssretta ammekufjøs for 400 ammekyr kvart år.	Prosjektet støttar opp om mjølk som bærande produksjon i Vestland. Prosjektet bidreg også til ei marknadstilpassa utvikling av kjøttproduksjonen med moderne produksjonsapparat og driftsopplegg. Storfeprosjektet bør legge godt tilrette for godt samarbeid med andre aktørar og sikre at bonden kan gjere gode informerte val, ved val av rådgjevingstenestar. Spesielt når det gjeld mobilisering til ammeku produksjon og rådgiving knytt til ammeku bør prosjektet sikre godt samarbeid og god koordinering med prosjektet til NLR 'Utmarksbasert kjøttproduksjon'. Prosjektet bør ikkje tilby gratis tenester på områder der det er etablert betalingstenestar.	900 000	64 %
3. Utmarksbasert kjøttproduksjon 2020	Norsk Landbruks-rådgiving Vest SA	500 000	780 000	64 %	Vidareføring av prosjektarbeid mot sau- og ammekuproducentar i Vestland med mål om å etablere 400 nye ammekuplassar og bidra til modernisering og nybygg både til sau og ammeku. NLR Vest har drive prosjektarbeid i Sogn og Fjordane innan sau (2011-2015) og sau og ammeku (2016-2018). I 2019 har prosjektet arbeidd mot sau- og ammekubønder i Vestland fylke. Målet i prosjekta har vore å auke produksjonen/halde på fylket sin del av produksjonen og stimulere til ombygging/nybygging av driftsbygningar i desse produksjonene. Prosjektet har tilbydd rådgjeving innan økonomi/vegval, bygg, innandørsmekanisering/ grovfôrhandtering for både sau og storfe (ammeku). I det vidare arbeidet ynskjer prosjektet også å ta tak i agronomiske utfordringar. Mange stader har innmarksbeite dårlegare produksjonspotensiale i dag enn for 20-30 år sidan. Det er eit stort behov for å sette fokus på beitestell og beitebruk, slik at beita på nytt skal kunne stå for ein stor og viktig del av den totale grovfôrproduksjonen på gardane. Beite produserer det klart billigaste grovføret, og kravet til å ha dyr ute på beite vert stadig innskjerpa. Gode beite må difor lyftast fram att som ein viktig suksessfaktor for landbruksnæringa.	Innmarksbeiter er ein viktig del av ressursgrunnlaget til garden og når dei blir tatt vare på, kan dei inngå som grovfôrproduksjonen til garden på ein gunstig måte. Prosjektet kan bidra til meir og betre grovfôrproduksjon og bruk av lokale beiteressursar i Vestland. Prosjektet bør legge godt tilrette for godt samarbeid med andre aktørar og sikre at bonden kan gjere gode informerte val, ved val av rådgjevingstenestar. Spesielt når det gjeld mobilisering til ammeku produksjon og rådgiving knytt ammeku bør prosjektet sikre godt samarbeid og god koordinering med Storfeprosjektet. Prosjektet bør ikkje tilby gratis tenester på områder der det er etablert betalingstenestar.	500 000	64 %

4. Nordhordland ku og kaffiklubb	Alver kommune	70 000	100 000	70 %	Etablering av uformelt nettverk for nye mjølkeprodusentar med fokus på utvikling og sosialt fellesskap. Jamnlege samlingar, gjerne heime hjå kvarandre, og på besøk hjå mjølkeprodusentar som har bygd nytt for å møte lausdriftskrav. Landbrukskontoret i Alver administrerer nettverket, gjerne i samarbeid Storfeprosjektet og med produsentlagsleiar frå TINE sitt lokale produsentlag. Tanken er å ha ei samling pr måned med ulike tema kvar gong, men fokus på utvikling av garden og siste nytt innan dyreveiferd, teknologi, bygg, økonomi og tilskotsordningar. I tillegg vil ein spe på med helse, kalvestell, føring. Ein del av prosjektet er å besøke kvarandre framfor å leige lokale. Ein startar med mat og fag innomhus og avsluttar med fjørsrunde. Målet er også å reise på besøk til bønder som har bygd - sjå på løysingar og høyre erfaringar, både positive og negative, og ta lærdom av desse.	Målet med prosjektet er godt og prosjektet treff målsetjingane i Handlingsprogram for landbruk i Vestland. Prosjektet kan bidra til å at fleire legg om til lausdrift. Prosjektet er retta mot to kommunar og har litan regional effekt. Det vert arrangert fleire Ku og kaffi klubbar rundt om i Vestland. Det vil ikkje vere økonomisk mogleg å støtte alle desse.	0	0 %
5. Valg av grasslag for å kunne bidra i det grønne skiftet	Norsk Landbruks-rådgiving Rogaland	24 000	48 000		Prosjektet skal ta ut grasprøver frå eng bestående av ulike grastypar for å vise at bevisst val av grastype har betydning for kvaliteten i eit stadig våtere klima. Prosjektet tek ut parvise prøvar fra timotei/raigraseng frå ulike lokalitetar for å vise korleis desse utvikler seg frem til slåttetidspunkt. Gras med låg energinnhald gir mykje høgare metanutslipp frå dyra enn tidlig høsta gras. Dei same områda viser også igjen på kraftforstatistikken. Dei områda som klarer å ha godt grovfôr har mykje lågare kraftfôrbruk for å produsere samme mengde melk. Prosjektet skal ta ut prøver fra ulik eng kvar veke fram til slåttan. Prøvane blir sendt inn til analyse og resultat skal publisast, slik at bønder kan følge med og ta gode valg. Prosjektet skal skrive artikler på bakgrunn av funna, og sørge for å nå ut i fagpresse med dei.	Det er har i løpet av dei siste åra vore ulike grovfôr prosjektet rundt om i fylket. Kunnskapen som prosjektet skal finne fram til er kunnskap som i stor grad eksisterer.	0	
6. Intensiv grovfôrrådgiving på utbyggingsbruk	Norsk Landbruks-rådgiving Vest SA	250 000	528 300	47 %	Prosjektet skal utvikle rådgjevingsmodellar og tilby rådgjeving for å optimalisere grovfôrproduksjonen på utbyggingsbruk i Vestland, dvs. bruk som er i ein utbyggingsfase, eller som nettopp har bygd ut drifta. Bønder som er i denne fasen har kanskje forsømt jord- og plantekulturen i ein periode, og har behov for å setje større fokus på dette etter ei utbygging. NLR Vest søkjer om vidareføring av prosjektet 'Intensiv grovfôrrådgiving' på utbyggingsbruk som fekk startløyving i 2019. Prosjektet rettar seg mot utbyggingsbruk, og særleg mot dei bruka som har trong for å auke grovfôrproduksjonen både i kvalitet og mengde. Arbeidet med grovfôranalysar har vist at mange mjølkeprodusentar har stort potensiale for å auke grovfôrandelen av fôrrasjonen til dyra. Det er også viktig å halde nede kostnaden per produsert eining. Dei siste 10-15 åra er det bygd mange nye fjøs i regionen, der driftsplanen sine krav til grovfôrproduksjon er vanskelege å oppfylle, noko som kan forverre ein alt pressa økonomi på utbyggingsbruka. Etter å ha prøvd ut ein generell modell med meir intensiv grovfôrrådgiving, ser NLR at fokus på kvalitet og økonomi genererer auka interesse for eit kontinuerleg forbetningsarbeid blant deltakarane i prosjektet.	Prosjektet er ei vidareføring av prosjektet 'Intensiv grovfôrrådgiving'. I tilsegnen 'Intensiv grovfôrrådgiving' frå 2017 er det lagt vekt på prosjektet skal utvikle metode for grovfôrrådgiving og at tilbodet skal utviklast til ei betalingsteneste som blir ein del av tilbodet til NLR Vest. God grovfôrproduksjon er sentralt for økonomien til bonden. Sjølv om dette prosjektet spissar seg mot utbyggingsbruk er det naturleg at grovfôrrådgiving skal vere ei betalingsteneste. Det er viktig at prosjektet legg grunnlag for at grovfôrrådgiving også inn mot utbyggingsbruk blir ei betalingsteneste.	175 000	33 %

7. Programstyret frukt og grønt	Njøs frukt og bærsenter AS	80 000	140 000	57 %	<p>Programstyret for frukt og grønt i Vestland arbeider for å samordna satsinga på frukt og grønt i fylket gjennom at FoU og det offentlege samarbeider for å løfta sektoren. Etter å ha verka lenge i Sogn og Fjordane, er programstyret no i ein fase for å arbeida inn denne tankegangen og arbeidsmetodikken for heile Vestland fylke. Målet med programstyret er å auka verdiskapinga i sektoren og identifisere utviklingsområde som kan vera med på å sikra ein berekraftig vekst. Programstyret sin arbeidsmetodikk er å sjå på utfordringar og utviklingspotensiale for ulike kulturarar, og korleis ein best kan løysa dette innfor dei rammebetingelsane som gjeld. Programstyret sin aktivitet er å bidra til analyser og datafangst som genererer prosjekt som skal bidra til vekst innfor sektoren og dei prioriterte områda innfor dei offentlege søknadsordningane. Aktivitetar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Prosjektmøte med analyse av vekstgrupper 2. Prosjekt-generering utifrå analyser 3. Besøksrundar i butikkar i ulike område og deler av sesongen for å sjekka opphav av varetilbod 4. Samanstilling av data frå pakkeri, småskalaproducentar og konserveringsbedrifter 	<p>Det overordna målet med programstyret er å auke verdiskapinga innan frukt og grønt. Programstyret skal vere eit bindeledd mellom offentleg forvaltning, verkemiddelapparat, næring og FoU i regionen, og har gjennom ei årrekke hatt samhandling, auka aktivitet og kommersielt implementerbar utvikling som mål å jobbe mot. Auke produksjon av frukt og grønt samt utvikling av desse næringane har høg prioritet i «Handlingsplan for landbruk» og i nasjonale føringar. Samordning av aktørar og aktivitetar som kan gje til vekst i næringane i heile Vestland, er ynskjeleg at programstyret kan bidra til. Medlemer som planlegg prosjekt dei vil søke støtte til frå RK eller RT midlar, blir oppmoda om å drøfte prosjekta i programstyret for å få innspel som kan styrke søknadane og samordne ressursbruken. Løvving blir gjeve for året 2020. Programstyret blir oppmoda om å søke om partnerskapsavtale med fylkeskommunen frå 2021. Søknadsfrist er 19/6-20.</p>	80 000	57 %
8. Nye frukt og bærkultur for Vestland	Njøs frukt og bærsenter AS	200 000	300 000	67 %	<p>Sidan 2005 har det vore gjennomført ei satsing på nye frukt- og bærkultur for Sogn og Fjordane gjennom eit forprosjekt (2005) og eit basisprosjekt (2006-2019), finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane/Vestland. I 2018 og 2019 har det vore lagt vekt på marknadsarbeid, og arbeid med å få på plass vegleigna kanalar for omsetnad av nye frukt- og bærslag. I 2020-2021 ynskjer ein å halde fram og utvide arbeidet med kartlegging av marknadspotensial, retta mot nye aktørar. I denne perioden er prosjektet planlagt å omfatte publisering og anna formidling av resultat frå tidlegare prøving, søk etter nye aktuelle kulturar og inntak av materiale av desse. Prosjektet ser no rom for å vurdere eit sett med heilt nye kulturar, og har fått førespurnad frå dyrkarmiljø om assistanse i utval av materiale og organisering av import til utprøving av kulturar nye kulturar.</p> <p>Njøs frukt- og bærsenter fekk nyleg innvilga eit forprosjekt (Forskningsmidlane for jordbruk og matindustri), for vidareføring av kulturane haskap, eldkvede og svarthyllblom. Forprosjektet omfattar innleiande studiar spesielt knytt til hausting og varehandtering, og skal munne ut i søknad om eit forskingsprosjekt rundt desse spørsmåla. I forprosjektet skal det også etablerast ein modell for prøving og introduksjon av nye kulturar som sikrar at denne prosessen går så raskt og effektivt som mogeleg med sikring av at sentrale spørsmål er tilstrekkeleg belyst.</p>	<p>Arbeidet med å finne nye frukt og bærkulturar med potensiale for lønsam kommersiell produksjon har bidrege til at Vestland er eit leiande frukt og bærfylke. Det krev langsiktig og systematisk arbeid for å dyrke fram nye sortar. Utprøving av nye sortar har fokus i denne prosjektsøknaden, budsjettet har auka med nær 40% og det er søkt stønad på 2,5 gonger så stor sum som i førre prosjektperiode. Ut frå signala som var gjeve i 2019 og sidan det er motteke midlar til forskning som vil bidra positivt i høve til arbeidet som skal gjerast, er støtta redusert. Rydding av avslutta forsøksfelt blir ikkje støtta. Tilskot blir i denne omgang gjeve for året 2020 med oppmoding om at aktivitetane i prosjektet blir teke med i ein eventuell søknad om partnerskapsavtale.</p>	75 000	25 %
9. Økt sukkerinnhold i frukt og bær ved hjelp av enkle målinger av blad	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	36 400	64 400	57 %	<p>Innhaldet av sukker i frukt og bær blir påverka av mange faktorar, mellom anna klima, avlingsnivå, gjødsling og vatning. Fleire av faktorane kan dyrkaren kan gjere noko med og gjennom det påverke søtsmaken til bær og frukt. Prosjektet ynskjer å finne ut om det er ein samanheng mellom sukkerinnhold i blada på tre og busker gjennom vekstperioden og sukkerinnhaldet i frukt og bær ved hausting. Om det er ein slik samanheng, ynskjer ein å finne ut kor lenge før hausting ein kan predikere kvaliteten ved hausting, om dyrkaren kan bruke informasjonen til å setje i inn tiltak for å auke sukkerinnhaldet og om metoden kan setjast ut i praktisk bruk.</p>	<p>Høgt sukkerinnhald i frukt og bær er ein føresetnad for god smak. God smak gjev nøgde kundar som kjøper meir. Prosjektet ynskjer å sjekke ut om det er ein samanheng mellom sukkerinnhald i blad på tre og busker veker før hausting, og innhald i frukt og bær ved hausting. Kva som ligg bak at ein trur det kan vere ein slik samanheng og korleis ein skal skilje ut andre faktorar som påverkar sukkerinnhaldet, går ikkje fram av søknaden. Prosjektet har som mål å legge grunnlag for eit forskingsprosjekt og det treff difor dårleg midlane det er søkt om. Avslag om støtte frå regionale tilretteleggingsmidlar blir gjeve med oppmoding om at ein vurderer å gå saman med ein forskingsinstitusjon og søker om forskingsmidlar.</p>	0	0 %

10. Uprøving av treflis og salisylsyre som tiltak mot rødt rotråte i bringebær	Norsk Landbruks-rådgiving Vest SA	230 000	310 000	74 %	Raud rotråte i bringebær blir i prosjektet omtala som eit av dei største trugsmåla mot bringebærproduksjonen i Vestland. Gjennom forsøk ynskjer ein å teste om treflis og salisylsyre kan bli ei ikkje-kjemisk og berekraftig åtgjerd som i tilfelle, kan nyttast av både konvensjonelle og økologiske dyrkarar. Resultata er venta å kunne legge grunnlag for eit større forskingsprosjekt som kan gå vidare og undersøke kva som er årsak til den eventuelle positive effekten. Eit slikt forskingsprosjekt kan også utforske om desse biologiske metodane har andre bruksområde i norsk landbruk som berekraftig kontrollmetode mot plantesjukdomar.	Vestland står for om lag 55% av bringebærproduksjonen i landet. Dette er eit praktisk retta prosjekt som kan løyse ei stor utfordring for produsentane og prosjektet har ein god intensjon. Prosjektet har som mål å legge grunnlag for eit forskingsprosjekt og det treff difor dårleg midlane det er søkt om. Avslag til støtte frå midlane til regionale tilretteleggingstiltak, blir difor gjeve med oppmoding om allierer seg med ein forskingsinstitusjon og søker om forskingsmidlar.	0	0 %
11. Vestlandsbondens grønnsakskurv	Stiftelsen Bondens Marked Norge	262 700	547 700	48 %	Kundane på Bondens Marked, restaurantmarknaden og andre direktesals- kanalar som REKO har ønska seg ferske grønnsaker i mange år. Bondens marked meiner at det vil vere realistisk å etablere ein lønsam småskalaproduksjon av grønnsaker til bynære strøk i Vestland fylke. Målet er å etablere 20 nye marknadshagar, i størrelse 3-7 dekar i Vestland fylke, med levering til Bondens marked, REKO-ring eller til abonnementsordningar og Andelslandbruk innan 5 år. Marknadshagar (Market Garden) er ein intensiv produksjonsform som kommersialiserer småskala grønnsaksproduksjon med direktosal som distribusjonsform. Sidan marknadshagar blir drive på avgrensa areal, er det spesielt godt tilpassa mindre areal på Vestlandet, i kupert terreng på små vestlandslandbruk og kan ligge på mindre areal i bynære strøk. Erfaringar frå pilotprosjektet visar at det er stor etterspurnad frå næringa etter denne type kurs. Pilotprosjektet hadde deltakarar frå heile Vestland fylke, med 12 deltakarar frå Sogn og Fjordane og 18 frå Hordaland. Prosjektet har 5 personar på venteliste og førespurnader frå fleire. Hovudvekta av kursinnhaldet vil vere på økologisk produksjon, men kurset vil vere relevant for både økologiske og konvensjonelle driftsformer. Gjennomføringsperioden vil vare frå august 2020 til mars 2021, med kurs og markvandringar og individuell oppfølging i vekstsesongen 2021. Ein del av prosjektet vil vere å finne rette ramma for å vidareføre kursa. Bondens marked ønskjer at kurset skal inngå i vaksenagronomen frå skoleåret 2022, eller tilsvarende kursarrangørar innan kompetansenettverket i Vest-Norge eller ved etter- og vidareutdanningsentra til de vidaregåande skulane.	Kurset er en vidareføring av eit pilotprosjektet som fekk stønad frå Hordaland fylkeskommune i 2018. Pilotprosjektet vart godt tatt imot i næringa og etterspurnaden etter tilbodet var godt. Komande prosjektperiode vil bidra til å vidareutvikle prosjektet og undersøke korleis tilbodet kan bli tatt vidare i ein fastare form. Det er positivt med tiltak som kan bidra til å auke grønnsaksproduksjonen i Vestland. Det er positivt at kurset framhevar lønsemd for produsenten. Innovasjon Norge melder interesse for å etablere småskala grønnsaksproduksjon. Nasjonal støtte til etablering av småskalaproduksjon av grønnsaker, frukt og bær blir vidareført og betydeleg auka i 2021. Ein stor del av kostande i prosjektet er knytt til trinn 3 som er deltaking frå den vidaregåande skulen. Det blir undersøkt om det er mogleg å hente midlar internt i fylkeskommunen eller hos skulane for å dekke deler av denne kostanden.	262 000	48 %
12. Samordna regional tilrettelegging for å bli leiande innan frukt, bær og grønt i Norge	Lærdal Grønt SA	475 000	950 000	50 %	Målet med prosjektet er å auke produksjonen av frukt og grønt, primært hjå produsentane som blir knytt til det nye pakkeriet i Lærdal. Ein større organisasjon med betre arbeidsdeling ser ein for seg vil ha betre kapasitet til å jobbe med utviklingstiltak. Prosjektet skal setje i gang tiltak for å utløyse auka produksjon og verdiskaping innan frukt og grønt. Hovudmålet skal realiserast gjennom å stimulere produksjon, teste kundebehov og profilere innovativ frukt og bærproduksjon samt utvida grønnsak- og potetproduksjon. Prosjektet vil også ha ein overbyggande del der erfaring, behov og strategiar blir formidla både regionalt i Vestland og nasjonalt. Lærdal grønt er søkjar, men prosjektet vil bli knytt til den nye fusjonerte organisasjonen og produsentmiljøet knytt til det nye pakkeriet i Lærdal. Etablering skal etter planen vedtakast i juni 2020. I tillegg vil ein legge vekt på å ha kontakt med miljøet i Hardanger og eventuelt andre interesserte i regionen.	Gjennom prosjektet ynskjer ein å bidra til at Vestland skal vere førande innan frukt og grønt i landet gjennom å tilpasse og utvikle produksjon og marknad. Målgruppe for prosjektet er primært produsentane som blir knytt til det nye pakkeriet i Lærdal. Prosjektet samsvarer bra med prioriteringane i handlingsplanen for landbruket, men dette er næringsutvikling på bedriftsnivå som ikkje kan støttast av regionale tilretteleggingsmidlar. Innovasjon Norge er positive til tiltaka i prosjektet og det nye selskapet blir oppmoda om å søke midlar frå IN på vanleg måte, etter at det nye selskapet er skipa.	0	0 %

13. Omstilling i et krevende marked - ny digital kunnskap for lokalmatprodusenter og restauranter	Matarena AS	250 000	710 800	35 %	Koronasituasjonen har gitt spesielt negative økonomiske konsekvenser for lokalmatprodusentane som har basert seg på direkte sal og/eller stort sal til hotell, restaurant og reiseliv. Dei opplev nå stor nedgang i innteninga. Målet i prosjektet er å bidra til å auke lokalmatprodusentane sin kunnskap om kompensasjonsordningar, økonomi, likviditetstyring, nye distribusjons- og samarbeidsmoglegheiter og auka synlighet/kommunikasjon. Prosjektet tek sikte på å gi aktørane verkøy til å få god oversikt over eigen økonomi, og kompetanse til å ta viktige og riktige val for å sikre framtidig drift. Prosjektet vil nytte både webinar og individuell oppfølging av bedrifta sidan bedriftene er ulike i omfang, storleik og produksjon.	Prosjektet er forankra i Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 ved at prosjektet kan bidra til å auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamheng. Konsekvensane av korona og nedgangen i reiselivet påverkar lokalmatprodusentane sterkt. Sjølv om nokre kanalar opnar igjen, slik som REKO-ringen og Bondens marked, vil produsentane sitte igjen med tapt inntekt og avgrensa moglegheiter i marknaden for 2020 og kanskje 2021. Regnskapsfører vil kunne hjelpe den enkelte med kjennskap til likviditet, men for å kan gjere langsiktige informerte val er det behov for meir kunnskap. Prosjektet skal auke kunnskapen om langsiktig økonomisk planlegging og marknadsstrategi. Formålet med prosjektet er viktig, men det er behov for meir fleksibilitet i aktivitetane. Situasjonen er usikker og endrar seg raskt difor må aktivitetane tilpasse seg situasjon og behovet hos mottakargruppa. Kompensasjonsordning gjeld for mars, april, mai 2020. Det er viktig at dei bedriftene som fell inn underordninga får søkt.	200 000	28 %
14. Prosjekt Lokal mat og drikke Sognefjorden	Visit Sognefjorden AS	200 000	410 000	49 %	Prosjektet lokal mat og drikke Sognefjorden vart etablert i januar 2018 og har fått innvilga tilskot til utvikling og tilrettelegging av aktivitetar og tiltak. Prosjektet har hatt god og positiv utvikling dei første to åra. Hovudmålet i prosjektet er å forsterke Sognefjorden som attraktivt reisemål med større fokus på lokal mat, drikke og matspesialitetar. Prosjektet skal bygge vidare på arbeid som er starta i prosjektet for å styrke samarbeidet mellom produsent og reiselivsbedrift og utvikle samarbeidstiltak gjennom prosjektet. Prosjektet har heile Sognefjorden som nedslagsfelt Det er etablert kontakt med om lag 40 bedrifter, og det er registrert om lag 85 lokale produsentar. Dei fleste er produsentar av lokal mat, drikke og spesialitetar. Som resultat av erfaringa prosjektet har gjort gjennom aktivitetar i første fasar, og etter dialog med produsentar, reiselivsbedrifter og intern vurdering i administrasjonen, er planen å bygge vidare på og utvikle etter dei tre utvalde satsingsområder, nettverk, besøkspunkt og distribusjon.	Visit Sognefjord (VS) ønskjer med prosjektet «Lokal mat og drikke Sognefjorden» å rette søkelyset på lokal mat, drikke og matspesialitetar frå regionen. I lag med små og store aktørar ønskjer VS å synleggjere produkta, formidle historia og verdien om dei og knyte det til utvikling av opplevingsbasert reiseliv. VS har utført ei kartlegging av produsentar og kva behov og ønskjer dei har inn i prosjektet. Til arbeidet med prosjektet er det etablert ei ressursgruppe med aktørar frå regionen som sit med ulik og brei kunnskap innan tema mat og drikke, forskning og berekraftig utvikling. Årets aktivitetar og tiltak var godt i gang då prosjektet stoppa brått og situasjonen rundt Korona- viruset råka samfunnet. Det vert no søkt om midlar til vidare utvikling og siste år av prosjektet.	200 000	49 %
15. Fjord Norge regionen skal ta posisjon som landets fremste mat og drikke destinasjon	Fjord Norge AS	100 000	495 000	20 %	Fjord Norge AS ønskjer å bruke lokale mat- og drikke opplevingar meir aktivt i markedsføringa av regionen for å forlengje sesongen og få gjestane til å bli lengre i regionen. Prosjektet skal definere produkt/aktørar som kan gi eit sterkt innhald i en målretta kommunikasjon av Fjord Norge som en mat- og drikke destinasjon. Prosjektet skal kartlegge og presentere ca. 30-40 bærekraftige lokale mat- og drikke opplevelser i Fjord Norge som representerar både gårder/produksjonsbedrifter som tek imot besøk, unike serveringsstadar som byr på berekraftige lokale mat- og drikke opplevelser og bedrifter som tilbyr unike opplevelser utover dette knyttet til lokal mat og drikke. Oversikten skal gi grunnlag for å velge ut aktørar og dera produkter som speglar Fjord Norge regionen sin matidentitet/sesongtilbud inn mot allerede eksisterende konsepter: Oktober – april: «Go Viking the Fjords», Sommer: Fokus på «Hidden gems», Aktiviteter generelt: Adventure the fjords. Prosjektet skal velge ut ca. 20 spydspisser innanfor de valgte aktørene som skal gå i bresjen i forhold til kommunikasjonen som skal formidles i markedet. Det må satses på et utvalg som representerer den identiteten man ønske å skape for gode mat- og drikke opplevelser i Fjord Norge. Prosjektet ønskjer å utarbeide en overordnet kommunikasjon for lokale mat- og drikke opplevelser for regionen.	Prosjektet kan bidra til å auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamheng. Prosjektet kan bidra til å auke verdiskapinga i landbruket i Vestland ved at lokale mat- og drikke produsentar og gardar blir meir synlege og kan få fleire kundar. Prosjektet kan også bidra positivt til omdøme til landbruket i Vestland. Prosjektet har ei kompetent arbeidgruppe med brei erfaring på matfeltet. Satsinga er interesant, Vestland fylkeskommune er i ferd med å etablere ei matsatsing for Vestland. Vi ønskjer å sjå desse i samheng. Rogaland fylkeskommune har avslått prosjektet. Fjord Norge er nedslagsområdet for prosjektet, då er det ønskjeleg at Rogaland fylkeskommune også er med.	0	0 %

16. En fremtidsrettet markeds plass lokalmat og drikke	Fersk fangst AS	155 000	305 000	51 %	<p>Prosjektet Fersk Fangst er ein applikasjon som skal bidra til å auke direktehandel med lokalmat og drikke gjennom ved at matvareprodusentar når ut til ein stor kundebase. . Fersk Fangst er ein app som allereie er etablert. Det er ein digital markeds plass kor matvareprodusentar kan selje varene sine til over 3000 brukarar. Applikasjonen Fersk Fangst er i bruk av 3000 kundar og 100 matvareprodusentar. Brukarane seier at løysinga er god, kunden finn eit stort utval varer, og bonden som får vist fram varen for eit stort og bredt publikum. Fersk Fangst er ein tidleg prototyp av det som skal bli eit effektivt og godt verktøy kor bønder og lokalmat produsentar kan nå ut til kunden. Prosjektet søker om midlar til å vidareutvikle og utvide applikasjonen Fersk Fangst. Fersk Fangst har vore i drift i eit år og har fått gode tilbakemeldingar frå brukarane på kva som trengs får å få på plass ein god og effektiv løysning for både seljer og kunde. Tilbakemelding frå produsentane syner at det mellom annan er behov for eit administrasjonspanel for produsentane. Eit administrasjonspanel vil ha fleire funksjonar mellom anna: enkel sending/levering av pakker, sømlaus betaling, kopling mot rekneskap.</p>	<p>Prosjektet er godt og vil truleg vere nyttig for lokalmatprodusentane. Søkar er ein bedrift. Og sjølv om resultatet frå prosjektet vil vere nyttig for lokalmatprodusentar er prosjektet også vidareutvikling av ein bedrift og prosjektet vil vere konkurransevridande. Det er dialog mellom prosjektet og Innovasjon Norge.</p>	0	0 %
17. Samarbeid mellom kokker og lokalmatprodusenter sikrer utvikling og innovative lokalmatprodukter	Matarena AS	150 000	370 000	41 %	<p>Både lokalmatprodusentar og kokker/restaurant er hardt rammet av koronakrisen. Prosjektet vil bidra til at den ledige tida desse nå blir nytta til kompetansehevande tiltak og produktutvikling. Lokalmatprodusentar, kokker og læringar kan bruke tida i mai og juni til å gjere seg betre rusta for framtida gjennom økt kompetanse og fokus på produktutvikling. Lokalmatprodusentane får sett sine råvarer brukt i nye samanhengar, og får utvikla nye og eksisterande produkt i tett samarbeid med kokkane. I retur får kokkane og læringane auka sin kunnskap om råvarene, produksjonsprosessen, gardsdrifta og lokal matkultur. Deltakarane meld seg på og blir valt ut etter motivasjon. Det er ei arbeidsgruppe som vel ut deltakara. Prosjektet vil kople kokkar og lokalmatprodusentar i heile Vestland.</p>	<p>Prosjektet er forankra i Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 ved at det kan bidra til å auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng. Det er behov for produktutvikling innan lokal mat. Det er positivt å styrke koplingar mellom kokkar og landbruket, noko som igjen legg til rette for innovasjon. Lokalmatprodusentar har synt interesse for prosjektet. Kokkar har litt meir ledig tid enn vanleg nå i mai og juni. Læringar, framtidas kokker, treng å fylle tida nå når restaurantane er stengt eller har redusert opningstid. Det er positivt at kokkane reiser ut til gardane og bøndene. Kokkane får kjennskap til drift, dyrehelse, historia bak maten og meir. Lokalmatprodusenten får innspel til produktutvikling, kunnskap om kva restaurantane og marknaden elles ønskjer seg. Begge partar får utvikla nyttige nettverk. Det er viktig at heile Vestland får nytte godt av prosjektet. Det er også viktig at deltakar blir valt ut etter motivasjon og satsingsvilje. Prosjektet bør ha ein plan for korleis deltakarane vil følgt opp i etterkant. Prosjektet bør bidra til at det det blir varig verdiskaping for lokalmatprodusentane.</p>	150000	41 %

18. Etablering av mat- og drikkeproduksjonar i Mathuset i Hardanger	Mathuset i Hardanger SUS	300 000	525 000	57 %	<p>TINE Hardanger Meieri i Øystese der TINE la ned meierei juni 2019. Prosjektet skal initiere og legge til rette for etablering av bedrifter innan mat- og drikke slik at Mathuset i Hardanger vert eit utstillingsvindaug for lokalprodusert mat og drikke frå Hardanger. Mathuset er lokalisert i det gamle meieriet i Øystese. Bøndene fekk tilbodet om å kjøpe aksjar i meieriet. Selskap vart skipa med 24 bønder som eigarar. Mathuset i Hardanger skal bli eit «mathus» med leigetakarar innan næringsmiddelproduksjon, med hovudfokus på mat- og drikke. Dette skal kombinerast med tilrettelagt visningar og opplevingar for reisande. Resultatmålet i prosjektet er å få 5 nye lokalmatprodusentar til å etablere seg som leigetakarar i Mathuset. Lokala er godt eigna og at ein kan få synergjar ved utnytting av eksisterande fasilitetar som: Lager, kjøll, frys, kantine og kontor i tillegg til dei næringsmiddel godkjendte produksjonslokla. Gardsmatutsalet og Hardanger bygdeysteri er alt på plass som leigetakarar. Mathuset ynskjer no å få inn produsentar innan kjøttforedling og Frukt og Bær som er råstoff vi har lett tilgjenge i Hardanger på same måte som ysteriet og lokal mjølk. Aktivitetane skal initere både etablering av nye selskap, og rekruttere inn evt. eksisterande. Prosjektet skal drive oppfølgingsarbeid og tilby kurs innan foredling og andre matfaglege kurs som kan støtte opp om nyetableringar. Her er tenkt eit vidare samarbeid med Kompetansenavet Vest, som har vore sentrale i etablering av Hardanger Bygdeysteri AS. Ysteriet ynskjer i tillegg til å etablere osteproduksjon og legge til rette for visning av produksjon gjennom glassvegg og smaksrom for reisande. Prosjektet skal gå i ett år resten av 2020 og halve 2021. Utrå resultat som kjem dette arbeidsåret, kan ein vurdere om prosjektet skal lengast.</p>	<p>Dette prosjektet er vurdert til å vere bedriftsstøtte. Sjølv om resultatet frå prosjektet vil vere nyttig for deltakarane og lokalmiljøet er prosjektet, sånn det nå framstår, utvikling av ei bedrift og prosjektet blir då konkurransevidande.</p>	0	0 %
---	--------------------------	---------	---------	------	---	---	---	-----

19. Forprosjekt: Auke næringsaktivitet i og rundt landbruket	Stryn Næringsssamskipnad	190 000	460 000	41 %	<p>For nokre år sidan vart det utvikla ein felles marknadsføringsprofil for Nordfjord som ein reiselivsregion under slagordet "Alt i ein fjord". Dette arbeidet vart leia av destinasjonsselskapet Visit Nordfjord. Lokal drikke- og matkultur er ein viktig del av det og er såleis framheva gjennom eige varemerke "Nordfjord Smak". Dette var eit godt og viktig marknadsføringsprosjekt å samlast om i regionen, men full effekt av Nordfjord Smak er ikkje nådd. Profilen elles er på veg til å bli godt innarbeidd når det gjeld regionens geografi og aktivitetar ("Spor" og "Saga"), og såleis må vi også forsøke å få løfta fram fleire produsentar av lokalmat gjennom denne felles marknadsføringa. Stryn og Nordfjord har eit uforløyst potensiale i produksjon og omsetnad av lokalmat. Forprosjektet skal avdekke behov, utfordringar og moglegheiter på vegne av eit samla landbruk i Nordfjord. Målet er å utvikle felles mål med tilhøyrande strategiar og handlingsplan for å utløse potensialet. Prosjektet vil få opp ei lokal satsing på dei som vil starte opp verksemdar knytt til landbruk og foredling av ressursar frå landbruket, og vise at dei kan hente støtte og hjelpetjenester lokalt og regionalt. Det er Stryn Næringsssamskipnad som søkjer om prosjektet, dei ønskjer å nytte Stryn Næringshage som prosjektleiar. Stryn Næringshage er i eit nettverk av næringshagar i heile landet, m.a. med ei eiga interessegruppe for lokalmatproduksjon. Stryn kommune er positive til at næringshagen ynskjer å etablere seg med ei teneste for å hjelpe lokalmatprodusentar opp og fram. Stryn kommune meiner at Stryn har ein udekket marknad i denne nisja, og det er i heilt rett tid at ein får etablert eit apparat for å samordne og hjelpe fram dei aktuelle tilbydarane. Dei meiner at det er viktig at ein i den samanheng får gjort ei avklaring av behov og gjennomført ei moglegheitsstudie. Det dei ønskjer å oppnå med prosjektet er å kjenne no-situasjonen og behov/utfordringar/moglegheiter hjå dei ulike målgruppene, utvikle felles forankra mål, strategiar og handlingsplan for vidare arbeid, etablere hovudprosjekt hausten 2020 og vise fram at Stryn næringshage har fokus på etablererhjelp og kompetanse på landbruk i næringshagen. Aktivitetar i prosjektet er møter med landbrukskontor, faglaga, eksisterande matprodusentar og andre. Prosjektet skal også intervju gründerar i landbruket. Vidare skal prosjektet kontakte næringshagar, klynger og verksemdar som har lukkast med lokalmatproduksjon andre stader i landet.</p>	<p>Prosjektet er eit forprosjekt for skal avdekke behov, utfordringar og moglegheiter på vegne av eit samla landbruk i Nordfjord. Prosjektet er også sjå på om Stryn næringshage kan dekke desse behova som kjem fram i kartlegginga og legge grunnlag for kompetanseheving for Stryn næringshage. Intensjonen i prosjektet støttar opp om innsatsområda i handlingsplan for landbruk i Vestland. Til å vere eit forprosjekt er det eit kostbart prosjekt. Prosjektet bør nytte resultatane og erfaringane som er gjort knytt til 'Alt i ein fjord' og 'Nordfjord Smak'.</p>	0	0 %
20. Grüne Woche 2021 - tett samarbeid om mat og reiseliv i hele Fjord Norge regionen	Matarena AS	280 000	2 286 000	12 %	<p>Grüne Woche blir truleg arrangert frå 15. - 24. januar 2021. Fjord Norge regionen er invitert til å delta. Matarena søker midlar til å kunne vidareføre satsinga med å kople mat og reiseliv i hele Fjord Norge regionen. Søknaden forutsett at koronasituasjonen gjer det mogleg å gjennomføre IGW og at LMD ønskjer at Norge skal delta. Deltaking på Grüne Woche er eit ledd i å bygge Norge som mat- og reiselivsdestinasjon, og bidra til auka samarbeid, nyskaping og legge til rette for ein god arena for nettverksbygging på tvers av fylka. Fjord Norge regionen deltok på Grüne Woche i januar 2018 og 2020, i 2020 var det med totalt 20 bedrifter og 54 personar som jobba saman på Fjord Norge sin stand. Produkta som blei løfta fram på Fjord Norge standen i 2020 hadde fleire fellestrekk, dei hadde særskilt høg kvalitet, dei var produsert i fjordfylka, og hadde fokus på dyrevelferd og berekraft. Desse fellestrekka for produkta vil bli vidareført i 2021. Det er produkt som er spyspissar og som representerer Fjord Norge sin matidentitet. Gjennom arbeidet med Grüne Woche i 2018 og 2020 er det etablert ein tydelegare matidentitet, samarbeidet mellom matakørrar i regionen har auka, og koplinga mellom mat og reiseliv er blitt forsterka. Erfaringar frå deltakarane i Fjord Norge delegasjonen er særskilt positive og omtrent 100% av deltakarane svarar at dei vil delta igjen om dei skulle få moglegheita. Deltakarar bedriftene får sponsa 12000kr til reise resten betalar dei sjølv. Eigeninnsatsen frå deltakarane er knytt til arbeid på stand på messa.</p>	<p>Deltakinga på IGW skapar utvikling og nettverksbygging og styrker matarbeidet i vestland, på Vestlandet og i Norge. Det at så mange av dei deltakande bedriftene ønskjer å delta på nytt tyder på at dei får igjen overstig kostnadene deira. Vestland fylke er søkt dobbelt så mykje som dei andre fylka, men Vestland får ta med 10 bedrifter. Dei andre to fylka fem kvar. Prosjektet kan bidra til å auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i. Atterhald om at IGW blir gjennomført og LMD ønskjer at Norge skal delta. Det må ikkje vere kostnader i prosjektet før dette er slått fast.</p>	280 000	12 %

21. Økosystemtenester i Sogn	Bratt Moro AS	150 000	500 000	30 %	<p>Øko-System tenester i Sogn er eit bedriftsnettverket for omstilling, innovasjon og verdiskaping knytt til sunn og aktiv livsstil basert på det breie tverrfagleg ressursgrunnlaget i Sogn. Dei skal A: Utvikle eit internasjonalt retta heilskapleg næringsmiljø for helsefremjande utandørs aktivitet, B: Tverrfagleg og sektorovergripand samarbeid mellom verksemder i ein nasjonalt leiande landbruksregionen for sunn og rein mat og opplevingar, og C: Bygge samarbeid med internasjonale aktørar på delområdet utstyr til utandørs aktivitetar.</p> <p>I 2020 vil utvikling av nye produkt og tenester og med fleire deltakarar vil til tilgang til marknad og kommersialisering stå sentralt. På grunn av Covid19 er det krevjande for bedriftene å pålegge bedriftene så høg eigendel som planlagt, søknaden gjeld difor noko av eigendelen som bedriftene elles skulle dekke sjølve.</p> <p>Innovasjon Norge har støtta nettverket i 2018, og 2019 og deler av løyvinga frå 2019 er overført til 2020. Bratt Moro as er prosjekteigar og har også søkt støtte frå utlysinga knytt til handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling, søknadane er identiske og søkjar seier fylkeskommunen kan velje ordning.</p>	Søkjar seier fylkeskommunen kan velje ordning, og vi har valgt å handsame den under den breiare utlysinga handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling. Det er eit avgrensa tal landbruksbedrifter med, og prosjektet fokuserar på mykje meir enn utvikling av landbruksnæringa. Bedriftsnettverk er også utanom det vi normalt støttar.	0	0 %
22. Utvikling av heilheitleg klimarådgjeving med bruk av Klimakalkulatoren og Kretsløptolke	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	115 000	454 600	25 %	<p>Prosjektet er del av ein plan om å gjennomføre eit treårig prosjekt der ein brukar Kretsløpstolken og Klimakalkulatoren som verktøy for å redusere klimagassutslepp frå jordbruket og nytte ressursane effektivt for å unngå tap av næringsstoff.</p> <p>Gjennom bruk av Klimakalkulatoren og Kretsløpstolken skal bonden få grunnlag til å vurdere klimabelastinga på sitt bruk og få hjelp til å finne tiltak for meir miljøvennleg drift. Saman med kvar av bøndene som deltek, skal NLR identifisere forbedringspotensialet i drifta med mål om å utvikle eit kontinuerleg forbedringssystem på gardsnivå. Det er mjølkproducentar som blir rekrutert til prosjektet, men arbeidet er venta å ha stor overføringsverdi til andre bruk på Vestlandet.</p> <p>Prosjektet starta opp 01.07.2019 og var planlagt å gå til 30.06.22. Fylkesmannen har gjeve støtte frå UTM-midlane for første året. På grunn av hindringar i oppstartsåret hovudsakleg fordi Klimakalkulatoren ikkje har vore ferdig utvikla til bruk, vart oppstarten av prosjektet utsett med om lag 6 mnd. Ein valde å starte opp med berre 6 deltakarar i fyrste året, men målet er likevel å fullføre prosjektet med om lag 50 deltakarar som planlagt etter 3 år. Første prosjektår er difor utvida til ut året 2020, prosjektplan og budsjett er omarbeidd og søknaden omfattar difor prosjektperioden januar-desember 2021.</p>	<p>Dette er eit tidsaktuelt prosjekt som kan vere relevant å støtte, men prosjektet er under halvvegs i første prosjektår og grunnlaget til å gjere vurdering er ikkje så godt. Søknad gjeld støtte for året 2021, så det hastar ikkje med ei avgjerd. Søknaden blir avslagen no, med oppmoding til søkar om å søke på nytt innan 1. oktober 2020.</p>	0	0 %

23. Posisjonsutstyr i landbruket: Dekningsgrad og presisjonsnivå på Vestlandet, informasjon om utstyr	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	180 000	298 000	60 %	<p>Norsk Landbruksrådgiving sentralt starta i 2019 opp eit landsdekkande prosjekt for å kartlegge dekning av for posisjonssignal for presisjonsutstyr i landbruket. Dette vart gjort med ein spesialutstyrt "dekningsbil" som NLR disponerer. I Vestland fylke er det framleis mange område som ikkje er kartlagt, og NLR Vest ønskjer å følgje opp det nasjonale prosjektet med eit regionalt prosjekt der dei kombinerer køyring med "dekningsbilen" for å kartlegge dekning av posisjonssignal, med å halde lokale fagmøte om presisjonslandbruk. Målgruppe for prosjektet er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bønder og landbruksentreprenørar innan alle produksjonar: Med kunnskap om dekningsgrad og nøyaktigheit vil terskelen for å investere i presisjonsutstyr bli senka. Bruk av meir presisjonsutstyr vil gi ein meir treffsikker agronomi, lågare ressursbruk og mindre klimaavtrykk, samstundes som avlingskvalitet og -nivå kan haldast oppe eller aukast. 2. Norsk Landbruksrådgiving: Heva kompetanse om dekningsgrad og nøyaktigheit vil gi betre rådgiving, og rådgivarane kan stimulere bønder og landbruksentreprenørar til å ta steget over til det neste nivået av landbruksmekanisering. 3. Leverandørane av posisjoneringsutstyr 	<p>Presisjonsteknologi kan bidra til reduserte kostnader, betre agronomi og reduserte miljøutslepp, men teknologien krev signaldekning. NLR har fått midlar frå Landbruksdirektoratet sitt klima- og miljøprogram for å kartlegge signaldekninga i heile landet. Gjennom prosjektet har ein funne at dekninga generelt er svært god, men at topografi og andre hinder som til dømes bygningar, kan skape problem.</p> <p>Nytteverdien vil vere den viktigaste motivasjonen for ein bonde til å ta i bruk presisjonsteknologi, og arbeidet til NLR syner at det er viktig at bonden sjekkar med utstyrsleverandør at utstyret har dekning der det skal brukast. Det er viktigare at kunnskapen om varierende dekning blir gjort kjend for bøndene, enn at det blir gjennomført ei breiare kartlegging med dekningsbilen i Vestland. Prosjektet omfattar også rådgjeving til bønder og entreprenørar, intern opplæring og leverandørar av presisjonsutstyr er i målgruppa. NLR tilbyr per i dag rådgjeving om kjøp og bruk av presisjonsjordbruk og har tidlegare fått støtte til å bygge opp dette tilbudet gjennom prosjektet «Presisjonslandbruk og mekanisering for endra klima». Prosjektet det no blir søkt om, har i liten grad nye tiltak og blir ikkje prioritert for støtte.</p>	0	0 %
24. Jordmasser. Fra problem til ressurs - ta vare på matjorda	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	50 000	120 000	42 %	<p>Handboka "Jordmasser. Fra problem til ressurs - ta vare på matjorda" har vore eit samarbeidsprosjekt mellom NLR og NIBIO, og ble i hovudsak finansiert av Fylkesmennene i Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland, samt tilsvarande fylkeskommunar. Der var i tillegg eit betydeleg bidrag frå andre, som Statens vegvesen, Jernbaneverket og Maskinentreprenørernes Forbund. Handboka har vore ein suksess. Førsteopplaget på 600 eksemplara er fordelt til fylkeskommunar, kommunar, rådgivarar, entreprenørar og bønder. Prosjektet har ført til auka bevisstheit kring spørsmål om massedisponering knytt til utbyggingar, særleg i kommunar på Vestlandet og i Nordland. Boka er kjent over heile landet, og ein finn ofte sitat frå boka igjen i planer frå ulike konsultentselskap. NLR opplev stor etterspurnad etter fagleg rådgjeving både frå kommunar og frå entreprenørar. Spørsmål frå brukarar av boka syner at det er behov for både presiseringar og tillegg av fageig innhald. Det er også etterspurnad etter trykte bøker, men nå har NLR ikkje nok til kursdeltakar på framtidige kurs. Målet med prosjektet er "Ny" og betre handbok til bruk under planlegging og gjennomføring av flytting av matjord, og oppdyrking av nytt jordbruksareal ved hjelp av overskotsmassar. Aktivitetane i prosjektet er: Gjennomgang og revisjon av handboka Skrivning av nytt kapittel, Trykking av nytt opplag, Distribusjon til fylkesmenn, fylkeskommunar, rådgivarar og entreprenørar.</p>	<p>Handboka "Jordmasser. Fra problem til ressurs - ta vare på matjorda" har vist seg å vere eit nyttig verktøy for å auke bevisstheita kring massedisponering. Det er viktig at handboka er oppdatert og tek opp i seg erfaringer som gjort i tida boka har vore i bruk. Vi stiller spørsmål til om det er naudsynt med trykte eksemplar og tenker at handboka kan vere vel så nyttig i elektronisk format.</p>	25 000	21 %

25. Prosjekt skogvegplanlegging	Sogn og Fjordane Skogselskap	480 000	1 880 000	26 %	<p>Prosjekt skogsvegplanlegging har som mål å leggje til rette for optimal utnytting av skogressursane på Vestlandet gjennom langsiktig arbeid med planlegging og organisering av rasjonelle skogsvegprosjekt i samarbeid mellom dei mange mindre skogeigedomane i Vestland. 2020 er tredje året Sogn og Fjordane Skogselskap driv prosjektet, som har 2 tilsette skogsvegplanleggjarar.</p> <p>Målgruppa er skogeigarane i Vestland - i alt ca. 17.500 eigedomar med potensiell trong for skogsvegrealisering i samarbeidsløysingar. Prosjektarbeidet skjer dels ved at prosjektet vert kontakta av skogeigarar som har trong for vegutløysing av skogressursane og dels ved oppsøkjande verksemd på grunnlag av registrerte skogbruksdata.</p> <p>Det vert vist til at prosjektet er ei langsiktig satsing, men at det no berre blir søkt for 2020, og det etter samråd med fylkesmannen er lagt opp til ei fullfinansiering av prosjektet med tilskotsmidlar. Prosjektet har dei siste to åra blitt finansiert med LUF-midlar og UTM-midlar som fylkesmannen har disponert. I år er det også søkt om midlar frå LUF og frå RT.</p>	<p>Situasjonen for dei fleste skogeigarar er at dei tek ut skog berre ein gong, og realisering av uttak og skogvegbygging er ein svært langsiktig prosess. Det er stort behov for kunnskapspåfyll, for å realisere potensiale i skogen. Prosjektet er viktig. Samstundes går prosjektet etterkvart over i ein driftsfase, og det kan drøftast kor lenge desse midlane skal nyttast til slike tiltak. Vi vel likevel å gå inn med ein sum i år også, og så må det avklarast før neste år korleis arbeidet skal finansierast vidare. Avklaringar og eventuelle endringar bør gjerast før neste prosjektår startar. Det er naturleg at arbeidet rettar seg mot ein større del av fylket.</p>	480 000	26 %
26. Landbruksbygg i tre - Faghefte og podcast	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	270 000	366 400	74 %	<p>NLR Vest vil produsere eit faghefte om landbruksbygg i tre, som kan gje svar på mange spørsmål omkring trebygg i landbruket. For å gje utfyllande kunnskap til heftet ønskjer NLR i tillegg å produsere ein serie med 5-6 podstar, med eitt program på om lag 30 min til kvart avsnitt i heftet.</p> <p>Målet er å fremje bruken av trebygg i landbruket og spreie kunnskap om emnet til ulike aktørar i landbruket. Prosjektet skal gje inspirasjon og auke kunnskapen om bruk av trebygg i landbruket, og gje kompetanseheving for rådgjevarar og andre.</p>	<p>Tre som materiale i landbruksbygg er eit aktuelt tema. I 2020 blir det gitt eit ekstra tilskot ved investering i landbruksbygg i tre. Bruk av tre kan vere gode løysingar for landbruket, og for klimaet, og det er viktig å auke kunnskapen om bruk av tre.</p> <p>Det er utarbeida fleire temahefter i serien Fokus på tre frå 2013, eitt av dei om landbruksbygg i tre. Det blir no jobba i det nasjonale tredrivarprosjektet for å oppdatere desse hefta, og det er også eit delprosjekt om landbruksbygg i tre i tredrivarprosjektet til Skognæringa kyst. Temaet gjeld heile landet, så vi ynskjer ikkje støtte eit eige prosjekt i regi av NLR Vest før vi ser kva som kjem ut av arbeidet med det nasjonale heftet. I etterkant kan ein heller vurdere kva som eventuelt manglar knytt til informasjon og rådgjeving i Vestland, og gjere lokale tilpassingar.</p>	0	0 %

27. BEIT 2020 - en optimistisk konferanse om landbruk, bærekraft og selvforsyning!	Myldring AS	200 000	354 000	56 %	BEIT 2020 er ein konferansen som tek sikte på å betre omdømmet og auke interessa for norsk mat, og korleis den produserast på en berekraftig måte. Målgruppa for prosjektet er heile verdikjeda for mat, alle som jobbar med, studerer, og/eller interesserer seg for norsk mat. Prosjektet meiner at det er ein etterspurnad blant lokale bønder og studentar etter ein konferansen med tema berekraft og auka sjølvforsyning. Prosjektet ønskjer å bidra til å auke rekrutteringa til agronomi- og matfaga på sikt. Tilbakemeldingar frå deltakarar på BEIT 2019 var gode. Dei sa at det er god variasjon blant deltakarane, at konferansen var ein god arena for å bygge nettverk og at dei satt igjen med ny og nyttig kunnskap. BEIT 2020 skal vere på Myrkdalen Hotel. En av suksessane ved å være på Myrkdalen er at konferansedeltakarane må være samla i 24 timer. Basert på tilbakemeldingar frå 2019 blir det meir gruppearbeid, og auka fokus på grøntproduksjon og regenerativt landbruk. Resultat frå gruppediskusjonar i 2020 vil bli samla i ein rapport som blir delt på www.beitkonferansen.no. Alle føredraga under BEIT 2020 vil bli filma og delt digitalt etter konferansen. Prosjektet ønsker å gjennomføre eit lite forprosjekt i samarbeid med Sogn Jord- og Hagebruksskule før konferansen. Elevane analysere nokre gardar i Vestland kor elevane kartlegg bakgrunnen for val av produksjon på garden, samt forutsetningar og potensialet for eit skifte mot auka grøntproduksjon. Funna blir presentert av elevane under konferansen. BEIT 2020 ønskjer å gi alle vidaregåandelevane et deltakarstipend. Studentar skal få 80 % studentrabatt. Bønder får familierabatt. Beit 2019 var finansiert av Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Sparebanken Vest, Flor, Norsk landbruksamvirke, Indre Hordaland miljøverk, Kystskogbruket og Myldring.	Målet om å bidra til betre omdøme og berekraftig matproduksjon er prisverdig. I 2019 hadde konferansen 77 deltakarar. Deltakarane var ei blanding av bønder, elevar, kommune, samvirke, offentleg forvaltning, verksemdar. Det var flest bønder og elevar. Det er positivt med ein arena som aktivt jobbar for å vere aktuell for dei yngre. Søkjer seier at deltakarane etterspør ein slik arena. Søkknaden seier ikkje noko om korleis dei spørsmål som konferanse skal svare ut er valt. Søkknaden syner at konseptet for konferanse 2020 ikkje heilt er landa. Søkjer tar ikkje steget frå rapporten som konferansen skal produsere og vegen vidare til korleis dette skal virke positivt for rekruttering. Konferansen har fått offentleg stønad i 2017 og 2019.	0	0 %
28. Økoveka Sunnfjord 2020	Økologisk Sunnfjord	30 000	130 000	23 %	Målet med Økoveka er å setje fokus på økologisk, kortreist mat og matproduksjon, klima og miljø og natur- og naturoppleving, der born og ungdom har ein sentral plass. Det blir lagt opp til ulike arrangement i Førde i perioden 19.-26. september 2020. Foredrag, kurs, seminar, torgsal, sopptur, miljøvenleg forbruk og avfallshandtering er døme på arrangement det blir arbeidd med å få til. Hovudmålgruppa er bønder og andelseigarar som ønskjer meir kunnskap om økologisk drift og moglegheiter for både produksjon og omsetning av økologiske matvarer. Vidare er målet at forbrukarar får meir kunnskap om økologisk mat og lokal matproduksjon generelt, og at dei i framtida kan gjere gode miljøvenlege val. Planen var å starte økoveka 19. september under under landbruksmessa «Styving» som no er avlyst. Resultatmålet for prosjektet er at minst 200 personar er med på, eller tek del i ulike arrangement gjennom økoveka i september 2020. Søkjer skriv at Økoveka har vore arrangert med suksess dei siste 3 åra. Økoveka fekk støtte frå fylkeskommunen sine kulturmidlar i 2017 og UTM-midlar via Fylkesmannen i 2019.	Ut frå rapportert aktivitet frå økoveka i 2019, er dette eit prosjekt som er i grenseland i høve til forskrifta for regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket. Tilboda femner vidt og er i liten grad spissa mot landbruksnæringa, men meir i retning hobbydyrkaren og folk flest. Økoveka har fått offentleg støtte i alle fall to av dei tre åra som arrangementet har vore, først frå kulturmidlar og så frå utviklingsmidlar i landbruket Ambisjonen er 200 deltakarar og då kan ikkje støtte vere avgjerande for om arrangementet blir.	0	0 %
29. Seterkulturen på UNESCO si liste for immateriell kulturarv	Norsk Seterkultur	200 000	1 025 000	20 %	Norsk Seterkultur har gjennomført eit forstudium/forprosjekt som dei vil vidareføre i eit hovedprosjekt. Målet er få ein innskripsjon for seterkulturen på UNESCO si liste for immateriell kulturarv. Arbeidet med søknaden vil ta frå 2-4 år og inkluderer fleire land. I prosessen skal dei ha kurs og temasamlinger og knyte til seg utdanningsinstitusjoner. I Vestland fylke ser dei føreseg å knyte til seg kompetansetiløpet ved Sogn jord- og hagebruksskule. Søkknaden er delfinansiering i et større prosjekt og dei søker om RT midlar for året 2020.	Porsjektet treff ikkje ordninga regionale tilretteleggingsmidlar.	0	0 %

30. Informasjonsstrategi for mjølkeproduksjon på bevaringsverdige kurasar i Vestland	Urfe sa 1971	60 000	300 000	20 %	<p>Hovudmålet med prosjektet er å auke talet på mjølkekyr bevaringsverdige kurasar i Vestland gjennom å skape positiv merksemd omkring desse kurasene. Hovudvekt vil vere på Vestlandsk fjordfe og Vestlandsk raudkoll, som tidlegare var utbreidd i regionen. Talet på mjølkekyr av bevaringsverdige kurasar, er sterkt redusert siste 10 år. Urfe SA er eit samvirkeselskap som er eigd av bønder som driv med bevaringsverdige norske kurasar. Medlemstalet er i overkant av 100 medlemmar. Selskapet eig varemerket Urfe som seljast som kjøttspesialitet til norske kvalitetsrestaurantar gjennom Nortura, som betaler eit kvalitetstillegg til bøndene. Prosjektet vil arrangere produsentmøter for å orientere mjølkeprodusentane i Vestland fylke om moglegheiter med produksjon på slike rasar. Rasane kan gje økonomiske og praktiske fortrinn som; økonomiske fortrinn i ekstensiv drift (lite kraftfôr, mykje beite og grovfôr), tilskot, føringseffektivitet, særskild god ystekvalitet, dispensasjon frå lausdriftskravet, lågare byggekostnad, mindre tråkkaskader på beite, berekraft, kulturhistorie, marknadsverdi og stoltheit knytt til desse verdiane. I tillegg vil prosjektet lage ei pressemelding og fasilitere intervju med stolte bønder i Vestland som satsar på desse rasane og prøve få presseoppslag, gjerne i forkant av produsentmøta. Som mjølkekyr har desse kyrne ein produksjon på om lag halvparten av NRF kua. Som kjøttproduserande dyr har dei seinare tilvekst og lågare slaktevekt enn andre rasar, men dei har ein særskild god kjøttkvalitet. Produksjonen av både mjølk og kjøtt på desse rasane er langt meir ekstensiv enn anna dyrehold i Norge, bøndene bruker mykje grovfôr og beite og lite kraftfôr. For alle mjølkebøndene i Vestland er det bra å få informasjon om alternative driftsmåtar og raser som eit ledd i deira produksjonstilpassing, der kostnadsreduksjon kan vera eitt av fleire tiltak for mange for å tilpasse seg det reduserte volumet til Tine. Prosjektet legg opp til næringsutvikling og genetisk bevaring gjennom berekraftig bruk. Prosjektet har tru på at ei viss diversifisering i mjølkeproduksjon, både på bruksstruktur og driftsformer, er ei føremøn for heile verdikjeda for mjølk i Noreg, at dette vil gje auka kraft til historia om norsk mjølk og at ei slik differensiering vil vere eit godt bidrag til å halda oppe talet på mjølkebønder i Vestland fylke og i landet.</p>	<p>Prosjektet kan bidra til å nytte areala i Vestland på ein positiv måte og kan vere ein måte å støtte opp om produksjon av mjølk og kjøtt i vestland. Prosjektet kan også bidra til at bonden får informasjon om fleire val og kan lettare finne ein produksjon som er tilpassa ressursgrunnlaget å den enkelte garden. Dispensasjon frå kravet om lausdrift kan bli gitt dersom minst halvparten av besetninga er renrasa dyr av bevaringsverdig kurase. Prosjektet har vore i kontakt med TINE. TINE er positive til eit møte med prosjektet for å sjå på moglegheita for vidare samarbeid. Prosjektet må synleggjere bygningmessige utfordringar ved bytte av besetning.</p>	30 000	10 %
--	--------------	--------	---------	------	---	---	--------	------